

## NOTAT

**Til:** Vestlandsrådet  
**Frå:** Fylkesrådmannen  
**Kopi til:**

**Dato:** 21. november 2008  
**Arkivsak:** 200800575-28/BJORMI  
**Arkivnr.:** 027

### E39 Kyststamvegen – i statsbudsjettet for 2009

I Statens vegvesen sitt handlingsprogram for NTP for perioden 2006 – 2009 (HP) er det lagt opp til ei statleg løyving på 1831 mill kr. (2009 kroner) til investeringar på E39 Kyststamvegen. I tillegg kjem anna finansiering som t.d. bompengar og eksterne tilskot. I dette notatet er det gjeve ein oversikt over prosjekt på E39 som samferdselsdepartementet i forslaget til statsbudsjett har foreslått skal få løyving i 2009. Det vert også sett på om dei statlege løyvingane til E39 i perioden 2006 – 2009 er som føresett i NTP handlingsprogrammet 2006 - 2009.

#### Oppsummering

I statsbudsjettet for 2009 er det foreslått å løyva 588,2 mill kr til prosjekt på E39 Kyststamvegen. Føreset ein at budsjettforslaget vert løyvd, gjev det ein oppfyllingsgrad for E39 på 94,7 % i perioden 2006 – 2009 dvs. 97,8 mill. kr. for lite i høve til 100% kroneoppfylling av handlingsprogrammet.

Mange vegprosjekt på E39 er ikkje kome så langt som planlagt i handlingsprogrammet. Årsakene til dette er etterslep frå perioden 2002 – 2005, kostnadsauke samt endra planføresetnadur.

### E39 Kyststamvegen - løyvingar i forslaget til statsbudsjett for 2009

Det er i statsbudsjettet lagt opp til å løyva tilSAMAN 588,2 mill.kr. til E39 i 2009. I tillegg reknar samferdselsdepartementet med 246 mill. kr. i forskotteringer, bompengar og eksterne tilskott.

### **Strekning: E39 Kristiansand – Stavanger – Bergen**

**Samferdselsdepartementet foreslår ei statleg investeringsramme på 316, 4 mill.kr. for 2009. I tillegg er det rekna med 72 mill. kr. i forskott og bompengar.**

Prosjekt	Kostnadsoverslag	Statsmid. og anna fin. i 2009	Rest behov pr. 1.1.2010	Merknadar
Vigeland – Osestad (VA)	400	30	370	Anleggsstart hausten 2009 Planlagt opna 2012. Dette føreset tilslutnad til reguleringsplanen som ligg føre. I HP vart det lagt opp til å finansiera strekninga med 90 mill.kr. (2006 kr.) i perioden 2006 -2009.
Stangeland – Sandved (RO)	271	135	84	Anleggsstart desember 2008. Planlagt opna sommaren 2010. 70 mill.kr. av 135 mill.kr. er forskottering frå Sandnes kommunne. I HP vart det ikkje lagt opp til å finansiera strekninga i perioden 2006 – 2009.
Halhjem - Sandvikvåg ferjekai (HO)	329	41,5	0	Opna for trafikk i 2006, men behov for midlar også i 2009 til sluttoppgjer.
E39 over Stord (HO)	230	10	30	50/50 bompengeinnkreving. Det er nytta 190 mill.kr. på strekninga. 115 mill.kr. er finansiert med bompengar. 75 mill. kr. er finansiert med statlege midlar. 10 mill. i 2009 statsbudsjettet er til arbeid som er gjennomført. Bompengeperioden vil bli forlenga med 4 nye år for å finansiera nye investeringar.
+ midlar til mindre investeringstiltak- hovudsakleg trafikksikring (mellan anna midtrekkverk Storenes - Tangvall i Vest Agder og ved Hinna i Rogaland)				

### **Strekning: E39 Bergen – Ålesund**

**Samferdselsdepartementet foreslår ei statleg investeringsramme på 148, 9 mill.kr. for 2009. I tillegg er det rekna med 97 mill. kr. i forskott og tilskott.**

Prosjekt	Kostnadsoverslag	Statsmid. og anna fin. i 2009	Rest behov pr. 1.1.2010	Merknadar
Vågsbotn – Hylkje (HO)	200	20	180	Anleggsstart hausten 2009. Planlagt opna for trafikk i 2011. I HP vart det lagt opp til å finansiera strekninga med 30 mill.kr. (2006 kr.) i perioden 2006 – 2009.
Romarheimsdalen (HO)	257	28	0	Opna for trafikk i september 2008. Midlar i 2009 til restarbeid, sluttoppgjer og tilbakebetaling av midlar til omdisponerte midlar frå andre prosjekt.
Torvund – Teigen (SF)	370	30	340	Anleggsstart hausten 2009. Planlagt opna for trafikk i 2012. I HP vart det lagt opp til å finansiera strekninga med 60 mill.kr. (2006 kr.) i perioden 2006 – 2009.
Kvivsvegen (SF/MR)	1088	72	1002	Departementet går inn for 100% statleg fullfinasierung. Oppstart i løpet av 2008. Tildelt 14 mill. kr. før 2009. 32 mill. kr. av 72. mill.kr er forskottering. Hovudarbeida startar sommaren 2009. Planlagt opna for trafikk 2012. I HP vart det lagt opp til å finansiera strekninga med 70 mill.kr. (2006 kr.) i perioden 2006 – 2009.
+ midlar til mindre investeringstiltak , med hovudvekt på trafikktryggleikstiltak.				

### **Strekning: E39 Ålesund – Trondheim (Kjelbotn – Klett)**

**Samferdselsdepartementet foreslår ei statleg investeringsramme på 123 mill.kr. for 2009. I tillegg er det rekna med 77 mill. kr. i forskott og bompengar.**

Prosjekt	Kostnadsoverslag	Statsmid. og anna fin. i 2009	Rest behov pr. 1.1.2010	Merknadar
Renndalen – Staurset (MR /ST)	309	82	138	Anleggsarbeidet starta i mars 2008. Planlagt opna for trafikk hausten 2010. 17 mill. kr. av 82 mill.kr. er forskottering frå MR. 20 mill. av 82 mill.kr. er refusjon til ST. I HP vart det lagt opp til å finansiera strekninga med 140 mill.kr. (2006 kr.) i perioden 2006 – 2009.
Knutset – Høgset (MR)		60		Planlagt anleggsstart i løpet av 2008. Prosjektet er 100% bompengefinansiert. Bompengeselskapet stiller 60 mill.kr. til disposisjon i 2009.
+ midlar til mindre investeringstiltak med hovudvekt på mindre utbetringer.				

### **E39 Kyststamvegen - oppfylling av handlingsprogrammet 2006 - 2009**

I Statens vegvesen sitt handlingsprogram for perioden 2006 – 2009 er det lagt opp til å nytta 1831 mill. kr. (2009 kroner) til strekningar på E39 Kyststamvegen – Kristiansand – Bergen – Ålesund – Trondheim. Det er løyvd 1145 mill.kr. i perioden 2006 – 2008. I forslag til statsbudsjett for 2009 legg regjeringa opp til å løyva 588,2 mill kr. Føreset ein at budsjettforslaget vert løyvd, gjev det ein oppfylgingsgrad på 94,7 % dvs. 97,8 mill. kr. for lite i høve til 100% kroneoppfylling av handlingsprogrammet.

(Kjelde for tala i tabellen: St. prp. 1 - 2009)

E39 prosjekt (mill. 2009 kr.)	HP 2006-2009	Løyvd 06-08	Forslag 2009	Oppfylgingsgrad
E39 Kristiansand – Stavanger – Bergen	932	628	316,4	101,33 %
E39 Bergen - Ålesund m tilknytningsvegar	661	462	148,8	92,41 %
E39 Ålesund - Trondheim	238	55	123,0	74,79 %
<b>Sum E39 Kyststamvegen</b>	<b>1 831</b>	<b>1 145</b>	<b>588,2</b>	<b>94,66 %</b>
<i>Andre stamvegruter</i>	11 947	8 838	2 683,4	96,44 %
<i>Sum stamvegnettet totalt</i>	<i>13 778</i>	<i>9 983</i>	<i>3 271,6</i>	<i>96,20 %</i>

Oppfølgingsgraden er noko lågare for E39 (94,7%) enn for summen av dei andre stamvegrutene (96,4%). Oppfølgjingsgraden på E39 er lågast på strekninga Ålesund – Trondheim og høgast på strekninga Kristiansand Bergen.

I Statens vegvesen sitt handlingsprogram for stamvegar for perioden 2006 – 2009 er det to strekingar på E39 som det var føresett statsmidlar til i perioden, men som det ikkje er blitt løyvd midlar til i statsbudsjetta:

- **Svegatjørn – Rådal (HO).** I handlingsprogrammet vart det lagt opp til å finansiera Svegatjørn - Rådal med 130 mill.kr. (2006 kr.) i statsmidlar i perioden 2006 – 2009. Bompengesøknad er sendt og ein avventar endeleg finansieringsopplegg i den komande NTP (2010 – 2019).

- **Eiganestunnelen (RO).** I handlingsprogrammet vart det lagt opp til å finansiera Eiganestunnelen med 90 mill.kr. (2006 kr.) i statsmidlar i perioden 2006 – 2009. Reguleringsplan med konsekvensutgreiing (KU) for dagstrekninga frå Byhaugtunnelen fram til Smiene ligg no ute for offentleg ettersyn, medan ny tunnel frå Madlaveien til nordre utløp av Byhaugtunnelen er føresett å verta ein del av RYFAST.

### **Referansar:**

Statsbudsjettet 2009 – samferdselsdepartementet sin fagproposisjon

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/sd/dok/regpubl/stpp/2008-2009/stpp-nr-1-20082009-.html?id=530838>

Handlingsprogrammet 2006 – 2009 for stamveg korridor 4 – Statens vegvesen

[http://www.vegvesen.no/hprog/hp\\_stamv/49-72.pdf](http://www.vegvesen.no/hprog/hp_stamv/49-72.pdf)